



Møre og Romsdal fylke



Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		MR 16994/2004 /033	Hilde Hernes Hovland	21.10.2004

Stortingsmelding om kultur og næring - innspel til arbeidet frå Møre og Romsdal

Viser til brev av 23.08.04 der Kultur- og kyrkjedepartementet informerer om at det skal utarbeidast ei stortingsmelding om kultur og næring med innselfrist 20.10.04.

Næring- og miljøutvalet hadde saka føre i møte den 19.10.04. Kulturutvalet hadde saka føre i møte den 20.10.04. Begge utvala hadde følgjande samrøystes vedtak:

"Fylkesutvalet i Møre og Romsdal viser til saksutgreiinga og legg denne til grunn som innspel til Kultur- og kyrkjedepartementet sitt arbeid med stortingsmelding om kultur og næring."

Innspel frå Møre og Romsdal fylke er førebels, sidan saka ikkje er behandla i fylkesutvalet. Fylkesutvalet har møte 01.11.04. Endeleg innspel frå Møre og Romsdal fylke vil kome så snart som mogleg etter denne dato.

./ Vi legg og ved to aktuelle forskingsrapportar som det er vist til i vedlagte saksframlegg.

Med helsing

Jon Aasen
fylkesordførar

Arvid Blindheim
kulturdirektør

Vedlegg:

- ✓ Sak Ku-51/04/NM-38/04 Stortingsmelding om kultur og næring – innspel til arbeidet frå Møre og Romsdal fylke
- ✓ Forskingsrapport frå Høgskulen i Volda og Møreforskning Volda: "Jakta på det regionale mennesket"
- ✓ Forskingsrapport frå Møreforskning Molde AS: "Kultur og næring. Næringsøkonomiske virkinger av et utvalg kulturtiltak i Møre og Romsdal"



Møre og Romsdal fylke



SAKSFRAMLEGG

Dato
11.10.04

Referanse

Saksbehandlarar :
Nils-Gunnar Solli, 71 25 88 63
Lillian Sæther Sørheim, 71 25 81 96

Saksgang:

Utval	Møtedato
Kulturutvalet	20.10.04
Nærings – og miljøutvalet	19.10.04
Fylkesutvalet	01.11.04

Ku – 51/04 A

NM – 38/04 A

STORTINGSMELDING OM KULTUR OG NÆRING - INNSPEL TIL ARBEIDET FRÅ MØRE OG ROMSDAL FYLKE

INNLEIING

Utgangspunkt er at Kultur- og kyrkjedepartementet (KKD) i brev av 23.08.04 har informert om at det skal utarbeidast ei stortingsmelding om kultur og næring. I brevet vert det invitert til å komme med innspel til dette arbeidet. Innspefrist er sett til 20. okt. d.å.

Som del av oppfølgingsarbeidet etter Stortinget si handsaming av Kulturmeldinga, har Kultur- og kyrkjedepartementet starta arbeidet med ei stortingsmelding om tilhøvet mellom kultur og næring.

I brevet frå KKD står det m.a.:

Generelle utviklingstrekk i samfunnet knytt til levesett, teknologisk utvikling, internasjonali-
sering og forbruksmønster tyder på ein aukande gjensidig påverknad mellom kultur og næ-
ring. Dette skjer i fleire ulike samanhengar:

- Kultur er ofte ei næring i seg sjølv
- Kultur- og næringsliv utviklar nye samarbeidsformer
- Kultur og næring står ofte sentralt i samband med stad-, by- og regionutviklingsprosjekt

Denne utviklinga har ført til større marknadsinnslag i kultursektoren og meir marknadsluke gråsoner i det offentleg finansierte kulturlivet som på den eine sida utfordrar sektorpolitikken

og på den andre sida opnar for alternativ kulturfinansiering og utvikling av næringsverksemd basert på kultur.

Stortingsmeldinga vil gje ein status for tilhøvet mellom kultur og næring, og drøfte strategiar for og synergieffektar av auka samspel mellom kultur og næring. Målet er å drøfte både utfordringane og moglegheitene knytte til eit aukande samspel mellom sektorane, og kva konsekvensar dette bør ha for den framtidige politikken retta mot dette feltet.

Når Kultur- og kyrkjedepartementet no ber om innspel så gjeld dette m.a.:

- Synspunkt på kva stortingsmeldinga bør innehalde, inkludert synspunkt på verkemiddelbruken.
- Utfordringar og moglegheiter for kulturliv, næringsliv og det offentlege som følgje av nærare kontakt mellom kultur- og næringsinteresser.
- Innspel knytt til kultur- og næringsrelaterte prosjekt og satsingar som kan høve som døme i meldinga.

STATUS I MØRE OG ROMSDAL

I gjeldande planverk for Møre og Romsdal fylke, dvs. fylkesplan, strategisk næringsplan og kulturplan, er behovet for og verdien av å auke fokuset på samhandlingsarenaen mellom kultur og næring tydeleggjort gjennom fleire konkrete programområde og konkrete tiltak. Dette gjeld t.d.:

- Samarbeid mellom regionalt nivå og kommunane om styrking av bu - og arbeidsmarknadsregionane i fylket.
- Nettverk i næringslivet. Her har det heilt konkret vore ei sterk satsing på opplærings-tilbod og møteplassar for fagleg informasjon og dialog mellom leiarar innan ulike kulturverksemdar og leiarar innan reiselivet (både frå bransjeorganisasjonar og bedrifter). Opplæringstilbodet "Kultur, natur og reiseliv i Møre og Romsdal" blei gjennomført i 2002 og oppfølgingskonferansar er avvikla både i 2003 og 2004. Dessutan er det etablert eit fast samarbeidsforum, Kontaktgruppa for reiselivet i Møre og Romsdal, der fylket si kulturavdelinga og regional- og næringsavdelinga er fast representert i tillegg til representantar frå bransjeorganisasjonar, Statens Vegvesen, Møre og Romsdal Fylkesbåtar og Innovasjon Norge. Innovasjon Norge i Møre og Romsdal er dessutan ein viktig samarbeidspart i fleire samanhengar knytt til denne satsinga.
- Samarbeidsrelasjonar knytt til den nasjonale satsinga på turistvegar, der Møre og Romsdal fylke har to vegstrekningar som er prioriterte til å få slik status (Trollstigen – Geiranger og Atlanterhavsvegen (Bud – Kårvåg)).
- NAVE Nortrail. Interreg III B prosjekt som går på utvikling av eit sti-nettverk rundt Nordsjøbassenget og næringsutvikling relatert til dette. Kulturavdelinga er prosjektleiar i fylket medan regional- og næringsavdelinga bidreg med kompetanse relatert til næringsutvikling (særleg innafør reiseliv).
- Attraktive bumiljø. Kulturområdet har mellom anna stått sentralt i partnerskapet sitt arbeid med "Utkantsatsinga" og "MAT – programmet" (Miljøvennlege og attraktive tettstadar). Det har også vore fokus på potensialet for partnerskapsløysingar mellom offentlege og private aktørar for utvikling av kulturtilbod i alle regionane, og auke kultursatsinga gjennom slike partnerskap der det er mogleg.
- Møre og Romsdal fylke har vore pådrivar eller initiativtakar til fleire evalueringar og forskingsprosjekt knytt til samhandlingsarenaen kultur – næring. Her kan nemnast Møreforskning Volda sitt prosjekt "Jakta på det regionale mennesket – Om bulyst og regionale tilpassingar i Møre og Romsdal" (Rapport nr 136) og Møreforskning Molde sitt prosjekt "Kultur og næring – Næringsøkonomiske virkningar av et utvalg kulturtil-

tak i Møre og Romsdal” (Rapport nr 0303). Dei to rapportane frå Møreforskning vert oversendt KKD.

- Eit særleg viktig tiltak har vore ”Kulturnista”, seinare utvida til ”Kultursekken” i Møre og Romsdal etter at Den Kulturelle Skolesekken vart nasjonalt satsingsområde. Her var Møre og Romsdal tidleg ute og m.a. gjennom statlege midlar frå regionalt utviklingsprogram vart det mogleg å sette i verk ei stor satsing med kulturtilbod på høgt fagleg nivå til barn og unge i heile fylket. Dette har vore av stor verdi også for dei som har kultur som sitt daglege virke, både i høve kulturinstitusjonar og frilansaktørar. Då vi veit at det snart vil bli mangel på tilbod til å fylle ”Kultursekken”, har Møre og Romsdal fylke inngått avtale med Høgskolen i Volda om prøveproduksjon til ”Kultursekken”. Uteskole er og ein viktig del av innhaldet i ”Kultursekken” i Møre og Romsdal.

I utfordringsdokumentet ”Framover”, som gjeld utarbeiding av ny fylkesplan for perioden 2005 – 2010, er kultur tydeleggjort som viktig for å kunne nå målet om å ”utvikle vekstkraftige regionar for å sikre bulyst og verdiskaping”. Dessverre viser statistikken at kommunane i Møre og Romsdal i snitt ligg lågast i landet når det gjeld bruk av offentlege kroner til kulturformål. Dei relativt tydelege føringane i gjeldande planverk er det lagt opp til å vidareføre, i fornya ”drakt”, i det nye fylkesplandokumentet.

Fylkestinget i Møre og Romsdal gjorde i desember 2003 vedtak om ei konkret satsing knytt til temaet kultur – næring. Det vart då løyvd 1 mill. kr ekstra over kulturavdelinga sitt budsjett for 2004. Rammeauken skulle gå til satsing innan ”næringsretta kulturtiltak eller kulturbasert næringsutvikling”.

Denne ekstraløyvinga har pr dato slik status m.o.t. kva formål og tiltak som har blitt prioritert:

- Kr 200.000 til prosjektet ”På tur med Geitbåten” på Nordmøre (+ kr 50.000 frå regional- og næringsavdelinga).
- Kr 200.000 til reiselivsprosjekt / produktutvikling ved Atlanterhavsparken i Ålesund (+ kr 200.000 frå regional- og næringsavdelinga).
- Kr 200.000 til EU – prosjektet ”Nave Nortrail” (Nordsjøløypa).
- Kr 300.000 til brygge- og bygningsprosjektet ”Tollboden” i Kristiansund (finansiering i samarbeid med Norsk Kulturråd og Kristiansund kommune).
- Kr 50.000 til prosjektet ”Den store hesteferda” på Sunnmøre og i Romsdal – ”Intersogelagssamarbeid” m.a. med NRK-program (+ kr 50.000 frå regional- og næringsavdelinga og kr 25.000 frå landbruksavdelinga).
- Kr 50.000 til ymse andre / mindre prosjekt.

Det går fram av oversikta at ekstraløyvinga har utlyst fleire spleiselagsløyvingar, samstundes med at samarbeidsrelasjonar mellom ulike interesser og fagmiljø har vorte forsterka.

I september d.å. hadde kulturutvalet og nærings- og miljøutvalet i Møre og Romsdal fylke eit fellesmøte knytt til temaet kultur – næring. Møtet hadde karakter av informasjonsutveksling og generell politisk drøfting, men utvala gav tydelege føringar på at dette er eit viktig samarbeidsområde med stort potensiale som må følgjast opp.

VURDERINGAR

Kulturdirektøren og regional – og næringsdirektøren er av den oppfatning at vi dei siste 3 – 4 åra har kome viktige steg vidare i det å utvikle strategiar og tiltak for samhandlingsarenaen kultur – næring. Oversikta ovanfor gir eit visst belegg for å hevde det. Med det utgangspunktet

Møre og Romsdal fylke har som pilotfylke for ny organisering av offentleg regionalforvaltning (Einskapsfylket), skulle det ligge godt til å rette for å utvikle dette samarbeidsområdet vidare.

Kulturtilbod og kulturbaserte verksemder medverkar til levande og attraktive lokalsamfunn. I så måte kan kultursektoren sjåast som ein velferdsproduserande sektor. I denne samanhengen er kanskje breidda i kulturaktivitetane det avgjerande. Det blir lagt ned ein stor innsats i frivillige sektorar innanfor kultur og idrett og dette er særleg viktig i forhold til barn og unge. Det er også mange gode eksempel på vellykka samarbeid mellom amatørar og profesjonelle. Slikt samarbeid gir stor inspirasjon til utøvarane, men også til publikum.

Kulturpolitikk og kulturtilbod er viktig både i forhold til lokal næringsutvikling og i forhold til verdiskaping. Kulturbaserte næringsetableringar skjer over heile landet og kreativitet kopla med marknadsorientering i kunstnariske verksemder kan gi grunnlag for innovasjon og ny næringsverksemd.

Vi konstaterer at næringslivet i ei rekkje samanhengar gir klare signal om at kultur er viktig for omdøme- og merkevarebygging, kreativ kompetanse, for rekruttering av kompetanse og som område for næringsutvikling i seg sjølv. Vi veit også at kulturtilbodet på staden er viktig for rekruttering av arbeidskraft.

Dersom ein tek utgangspunkt i pengestraumane, er kultursektoren prega av ein klar tendens til sentralisering. Av statlege midlar til kultursektoren, går for eksempel ei stor del av institusjonsstøtta til kulturinstitusjonar i Oslo og dei tre største byane. Sysselsettinga innan sektoren viser same tendens til konsentrasjon.

Det er komplisert å rekne på nytten av kultursatsing ut frå tradisjonelle kost/nytte - analyser. Den teoretiske plattformen for kulturøkonomi er utvikla, men det ligg før lite empiri. Men det er auka interesse for fagområdet, og auka synleggjering av verdiskapinga er viktig å få fram. Forsking og utgreiingsarbeid på dette området bør difor vere eit område departementet sett fokus på.

Det er vidare viktig å legge til grunn ei forståing om at investering i kultursatsing ikkje i alle samanhengar kan / skal ha forventning om kontant økonomisk avkastning. Det er også viktig å legge til grunn ei erkjenning av følgjande perspektiv knytt til regionale utviklingsstrategiar:

- Vi må tenke kultur om vi vil styrke næringsgrunnlaget.
- Vi må tenke næring om vi vil styrke kulturen.

Kulturområdet sine aktørar, både dei profesjonelle, semiprofesjonelle og mangfaldet av dyktige amatørar, har eit stort potensiale som bidragsytarar til kreative og innovative prosessar, og som bidragsytarar til kommunikasjon. Kreativitet handlar som regel om å finne på "noko lurt" medan innovasjon handlar om å realisere det (i næringsssamheng er ein ide ikkje ein innovasjon før ideen er kommersialisert). Kultur som næring har fått auka fokus. Slike idear krev oppfølging på same måte som andre nyetableringar. Det bør derfor etablerast program for å vinne erfaringar og skape synergieffektar innanfor kulturelt entreprenørskap.

Ei utfordring er haldningane innafør delar av dei etablerte kulturinstitusjonane når det gjeld forholdet til eigeninntening. Det bør bli større aksept for at det er lov / naudsynt å tene pengar. Eit verkemiddel kan vere krav om auka eigeninntening gjennom t.d. å auke talet på besøkande.

Det blir frå mange hald hevda at Norge er eit kjedeleg ferieland og vi veit at kulturturisme er eit aukane segment. Det bør derfor stimulerast til fleire heilårsopne turistattraksjonar. Her er det viktig å stimulere til etablering av kulturbedrifter som har eit tilbod som blir etterspurt (marknadsorientert). Dette gjeld ofte fellestilbod som er viktige både for dei som bur i området og for næringslivet, men som det ikkje er naturleg for enkeltaktørar å finansiere. Derfor er det naudsynt å få til fellessatsingar og kunne tenke meir samfunnsøkonomisk, og ikkje berre bedriftsøkonomisk.

Når det gjeld virkemiddelbruken frå sentralt statleg hald finn vi grunn til å streke under at løyvingane som til no er stilt til rådvelde for Innovasjon Norge gjennom ordninga "Kultur og næring" ikkje er tilstrekkeleg for å gi naudsynt inspirasjon og starthjelp på dette området. Dei kriterium og søknadsprosessane som er lagt til grunn vil ikkje kunne fange opp mange av dei interessante og moglege tiltaka som kan / bør utviklast i skjæringspunktet mellom kultur og næring. Krava til finansiering og inntektspotensiale i dei prosjekta som kan godkjennast i dette systemet vil i mange høve ikkje vere mogleg å oppfylle. Signal som bør gis til Innovasjon Norge i samband med handsaming av slike saker, er at samfunnsøkonomiske vurderingar er særleg viktig i saker relatert til kultur og næring. Det bør føre til tilskot/verkemiddel til kulturelt entrepenørskap.

Staten bør legge til rette for meir "romslege" rammevilkår knytt til dei overføringane som fylket får på kulturområdet. Midlane må m.a. kunne nyttast til samarbeidstiltak og nyskaping innan området kultur og næring. Hovudbodskapan er at fylket treng større handlingsrom.

For å kunne utløyse det potensialet som vi meiner ligg i skjæringspunktet mellom kultur- og næringsliv, er det behov for å prøve ut ulike grep og stimulere til dette med økonomiske verkemiddel. Derfor treng fylket også auka ressursrammer.

Vi rår kulturutvalet og nærings – og miljøutvalet til å sende saka over til fylkesdirektøren for framlegg til fylkesutvalet med slik tilråding til

v e d t a k :

Fylkesutvalet i Møre og Romsdal viser til saksutgreiinga og legg denne til grunn som innspel til Kultur- og kyrkjedepartementet sitt arbeid med stortingsmelding om kultur og næring.

Arvid Blindheim
kulturdirektør

Joralf Flataukan
regional- og næringsdirektør